





Vår

Tekst: Jon Fosse 2011

Melodi: Gabriel Fliflet 2012



Vår

Våren er så strid ei tid
alt skal livna alt skal bli
ingenting er langsam ro
alt skal livna no
alt skal koma fram

våren er gul og utan skam
vil berre fram
berre fram
berre fram

Alt som er det vil og vil
våren går frå svart til grønt
trea blomstrar kvitt og raudt
alt skal livna no
alt som før var daudt

våren er gul og utan skam
vil berre fram
berre fram
berre fram

Våren han har nok med sitt

*For det går rundt og rundt
Det er vinter det er sommar
det er haust og vår
Og det blir til eit år*